




Årdal Kommune

Velferdsteknologi og digitale løysingar

Informasjon til innbyggjarar og
tilsette i Årdal Kommune



Kva er velferdsteknologi ?

«Velferdsteknologi er ein fellesbetegnelse på tekniske installasjonar og løysingar som kan bedre den enkelte sin evne til å klare seg sjølv i eigen bustad, og bidra til å sikre livskvalitet og verdighet for brukaren».

Direktoratet for e-helse

Målet med velferdsteknologi er å skape ein tryggare og enklare kvardag både for brukarar, pårørande og tilsette innan helse- og omsorg. Velferdsteknologi kan gje bedre tenester for heimebuande eldre, bebuarar på sjukeheim, personar med tenester innan rus og psykisk helse og personar med nedsett funksjonsevne.

I Årdal kommune har vi ein del velferdsteknologi i bruk, og det er ei stor utvikling på dette området.

Vi nyttar i dag blant anna lokaliseringsteknologi GPS med fallalarm, elektronisk medisindosett og digitale tilsyn med ulike sensorar.



Digitale tilsyn: Ulike sensorar som er kobla opp mot tryggleiksalarmen og som varslar automatisk ved uønska hendingar.

Til dømes døralarm, sengesensor, bevegelses sensor.

Elektronisk medisindosett: Du får eit varsel når du skal ta medisinien din. Dersom du gløymer det vil det gå ein alarm til heimesjukepleien.

GPS: Kan nyttast til personar med hukommelses vanskar som går ut på tur og kanskje ikkje finn vegen heimatt.

Korleis få tenester ?

Du sender inn søknad om helse- og omsorgstenester til kommunen.

I søknaden må du beskrive kva vanskar du har i kvardagen og kva du søker om hjelp til.

Tildelingskontoret avtalar tid for ei kartlegging heime hjå deg. Under kartlegginga vil ein i lag vurdere om velferdsteknologi kan vere ei tenleg løysing for deg.

Velferdsteknologi er ikkje definert som ei eiga teneste i lovverket, men kan vere ein måte å yte helse- og omsorgstenester på.

Om du allereie har tenester som til dømes heimesjukepleie kan også dei vurdere velferdsteknologi som ei tenleg løysing for deg.

Velferdsteknologiske løysningar og hjelpemiddel blir alltid vurdert som ein del av eit tenestetilbod . Om det vert vurdert at det kan vere tenlig for deg med teknologi, får ein vedtak på dette, og løysingane vert installert.

Tildeling skjer utifrå ditt hjelpebehov.

Årdal kommune har utarbeida tenestestandard for dei ulike tenester i helse og omsorg. Denne gjev deg som brukar god informasjon om dei ulike tenestene, og målet er å skape ei felles forståing for nivået på dei tenester som blir gitt.

Har du spørsmål om tildeling av Helse og omsorgstenester ?

Sjekk heimesida til kommunen www.ardal.kommune.no

⌚ ring tildelingskontoret på 57665050

Tryggleiksalarm



Tunstall Lifeline Digital er ein tryggleiksalarm som er 100 % digitalisert og med den høgste tryggleik.

Eit enkelt trykk på alarmknappen sender varsling til Alarmsentralen i Florø. Dei svarer deg via alarmboksen og vil dersom nødvendig vidarekoble varsling til heimetenesta eller ringe til nærmaste pårørande når det er avtalt.

Alarmen virkar i bustaden din og rett utanfor huset.

Den varsler til teknisk personell når det er behov for batteribyte.

Alternative brytere kan bestilles inn ved behov.

Digitale tilsyn

Det finnes fleire typar sensorar som kan koblast opp mot ein tryggleiksalarm.

Det er sensorar som varslar automatisk dersom det oppstår ei uønska hending. Varsling vil da vanlegvis gå til heimetenesta.

Digitale tilsyn har som formål å unngå fare, minske skade og tilkalle hjelp for deg som ikkje er i stand til det. Det vil alltid være ei individuell vurdering om kva som er tenleg hjå den enkelte.

Vi har i bruk:

- Røykvarslar
- Bevegelses sensor
- Dørsensor
- Sengesensor/
stolsensor



Røykvarslar

I Årdal får no fleire av dei med tryggleiksalarm, også røykvarslar med direkte varsling til alarmsentralen. Dette for å auke tryggleiken hjå dei som treng det.



Døralarm/Universalsensor

Dørsensoren sender ein alarm via tryggleiksalarmen dersom ei dør blir åpna f.eks på kveld eller natt.

Kan til dømes monterast hjå ein heimebuande med demens

Elektronisk Medisindosett



Treng du hjelp til handtering av medisinar ?

Dersom du treng hjelp til dagleg utlevering av medisinar vil elektronisk medisindosett bli prøvd ut.

Det er ein medisindosett som med lydsignal og/eller blinkande lys minner deg på å ta medisinien din.

Den matar fram rett dose til rett tidspunkt og hindrar tilgang til øvrige tablettar. Medisinien blir lagt i ein kassett med opptil 28 rom. Dosetten kan gje fleire påminningar per dag.

Medisinien skal tas når det kjem eit varsel. Ein må halde dosetten opp ned og helle tablettane i handa eller i ei skål.

Heimesjukepleien har som regel hovedansvar for å legge tablettar i dosetten og stille den inn til den enkelte.

Ved redusert handfunksjon kan ein og få eit vippetastiv som dosetten kan settes i, og medisinien vippes ned i ei skål.

Andre eksempel på teknologi

Sengematte

Kan registrere om ein person går ut av senga eller ikkje kjem tilbake innan ei avtalt tid.



Kamera

Tilsyn ved bruk av kamera. Kan være eit alternativ til at ein person går inn på soverommet for å sjå om vedkommande sover. Kan etter avtale sjå på kamera til avtalte tildpunkt.



Lovverket – rammene for bruk av velferdsteknologi i helse- og omsorgstenestene

Dei kommunale helse- og omsorgstenestene er regulert i lover som set rammer for korleis helse- og omsorgstenestene skal driftast, kommunen sine plikter og ansvar og brukaren sine rettigheter. Dei to viktigaste lovane er helse- og omsorgstenesteloven og pasient- og brukarrettighetsloven.

Velferdsteknologi er ikkje definert som ei eigen teneste i lovverket, men kan være ein måte å yte helse- og omsorgstenester på, og eit verktøy/hjelphemiddel i tenestene.

Samtykkekompetanse.

Med samtykkekompetanse meines at personen må være i stand til å forstå kva han eller ho samtykker til eller motsetter seg. I dette ligger at personen må forstå konsekvensen av å takke ja eller nei til ulike behandlingar og teknologiske hjelphemidler, samt kunne resonnere med relevant informasjon i valget mellom dei ulike alternativ.

Utgangspunktet for alle helse- og omsorgstenester er at pasient eller brukar samtykker til å motta tenestene.

Samtykket kan være uttrykkelig eller stilltiende.

Mobil tryggleiksalarm og GPS



Er du ofte ute på tur og ikkje alltid finn vegen heimatt ?

Har du nedsett hukommelse og ønskjer å føle deg trygg på at du får hjelp til å finne vegen heimatt, kan GPS være ei god løysing for deg.

Watch 5 er ei GPS-klokke og Trigger 4 er eit GPS anheng med ei snor til å ha rundt halsen.

SOS-knapp - alarm blir utløyst ved å trykke på alarmknappen.

Varsel går som hovudregel til pårørande

Det er tovegs tale – slik at du kan snakke med hjelparen din.

Det er også fallalarm som kan aktiveres med automatisk varsling dersom du er uheldig og får eit fall.

Teknologi du kan kjøpe sjøl

Det er mykje ulik teknologi å få kjøpt i vanlig handel.
Det er teknologi som gjer kvardagen lettare og som gjer at ein klarer fleire daglege aktivitetar sjøl.

Tips til utstyr som kan gjere det lettare i kvardagen er:

- Lys med bevegelses sensor
- Robotstøvsugar
- Robotgrasklippar
- Tidsbrytar til kaffitraktar
- Fjernstyring til lamper
- Forsterka lyd på dørklokka
- KOMP – videoskjerm for enkel kontakt med familie



Nav Hjelphemiddelsentral

Det finnes ulike hjelphemidler ein kan søke på via Nav Hjelphemiddelsentral.

Det kan til dømes være hjelphemidler i høve tid og orientering, kognisjon, kommunikasjon, syn og hørsel.

Ergoterapeuter i kommunen kan gjøre ei kartlegging av dine behov og bistå med å søke hjelphemidler fra Nav Hjelphemiddelsentral.



Kontaktinformasjon:

Tildelingskontoret i Årdal Kommune
Tlf: 57665050

Sentralbord Årdal Kommune:
Tlf: 57665000

Ergoterapeut Heidi Skeie
Mob: 99366881

Sjå informasjon på kommunen si heimeside
www.ardal.kommune.no

